



Hå kommune

Protokoll

Barn og unges kommunestyre (BUK)

6. november 2014



Hå kommune

INNKALLING

Barn og unges kommunestyre

Møtestad: Hå rådhus

Dato: 06.11.2014

Tidspunkt: Kl. 09:00

Eventuelt forfall må meldast til telefon 51 79 30 12 / 51 79 30 28 / 936 60 854.

Sakliste

Sak nr. Sakstittel

001/14 Val av varaordførar

002/14 Innspel frå elevråda

003/14 Spørsmål

004/14 Fordeling av midlar

Varhaug, 28.10.2014

Mons Skrettingland

Ordførar



10·Jæren/Dalane/Ryfylke

Leder: Kjell Arne Krutzen
Tlf: 932 55 218 · E-post: jæren@etterbladet.no



– Kan politikarane stemma på seg sjolv?

► Elevane i Hå ønskjer å møtast. Då dei hadde **60.000 kroner** å fordela, valde dei å brukha pengane på felles arrangement.

HÅ
Det blir ein dag for 5. til 7.-klassingar, og ein for ungdomsskuleelevar, vedtak barn og unges kommunestyre. På ungdomsseget har elevråda på Trygghjem ungdomsskule og Nærø ungdomsskule telege på seg å vera arrangør. Elevane skal samlast på tvers av skular, kringgrenser og bygder til idrett og fritid.

På bakerste benk

Torsdag var den dagen då barn og ungdom sette dei vaksne politikarane på bakerste benk og sjølv tok over stolane deira.

Så godt forebudde representantar møtt til det aller første barn- og unges kommunestyre i Hå. Dei kom med lapp eller nettbrett med forslag og spørsmål.

– Me har hatt elevrådmøte kvar veke den siste tida for å førebu dette, fortel varaordførar Helene Lavis.

Ifo vart vald til det vervet, og like godt varaordførarplassen med den kule stolen ved sida av ordføraren.

På sida sat både rådmann og

kommunalsjef, og bakerst var dei vaksne politikarane og leiarane. Her er noko av det representantane tok opp:

Facebook

Live Skreddingland frå Varhaug ungdomsskule foreslo ei kommunal facebookside der alle kan komme med innspel og saker. Ho fekk svar av rådmann Anne Berit Berge Ins:

– Facebook og twitter er helt nytta for Hå kommune. Men me kjem etter. Forslaget er veldig bra, og me vil gjøre dei døkka vera med å tenjla i lug med kommunen korkes me kan utvikla dette vidare. Eg trur me kan få til mykle spennande i lag, sa ho.

Skule og basseng

– Kva tid startar de å planleggja å byggja på Varhaug skule, spurte Ingeborg Stueland.

– Kva tid startar bygging av symjebasseng? spurte Jim Varhaug.

Ingen av dei fekk konkrete svar. Skulane på Nærø og Ognå må byggjaast først.

Høgre-politikar Eirik Sandanger

teia sjølv føredire og elevar sin kam-

pen for basseng på Varhaug for han vart politikar. No kunne han ikkje løva anna enn at bassenget framleis vil stå på Høgne sitt program.

– Imitt hovud har me ikkje gitt opp,

menn me må finna ein god måte å gjera det på, sa han.

Tar tid

– Kvifor går det ofte så lang tid til å få gjort på ting? spurte Jon Øhrestad Salte frå Bar skule.

Trond Knutsen frå Nærbelista svara:

– Eg er ein av dei som har

gjort at ny skule på Bar tok så lang

tid. Det er eg glad for, for no er eg

sikker på at me har fått den beste

lysinga og plasseringa. Mange vil

få glede av det. Det er bra, sa han.

Hår politikarane lov å stemma på seg sjølv, spurte Berglitt Vedøy frå Nærø ungdomsskule.

– Jo, eg veit ingen som ikkje gjer det, svara ordføraren.

Neste år har 10-åringar stemme-

rett i Hå.

– Kva har de tenkt å gjera for å få ungdommene sine stemmer ved neste val? undrast Berglitt Vedøy også, og fekk til svar at ungdom-

Barn og unges kommunestyre

For første gang i Hå.

36 representantar, tre frå kvart elevråd, seks elevar når det er både barne- og ungdomsskule.

Håkommunestyres vedtak i Hå.

Forslaget kom frå Ap.

60.000 kroner vart gitt til fordeling.

men blir viktig for alle parti i valkampen.

Det kan også Vigre skule bli, Amalie Elvine Lode lurt på kvifor kommunen plent vil leggja den ned. Ho fekk ikkje tidenes klaraste svar på det. Men foreldre og elevar fekk i alle fall ros av ordføraren for engasjement.

Korleis bli bonde?

Frå Kirik Årsland på Trygghjem ungdomsskule fekk ordføraren eit spørsmål han likte godt.

– Korleis kan me bli bonde når me ikkje har ødelært? Det er vanskeleg dersom me ikkje finn os ei ødelæjente.

– Ja, ødelæjente er det enklaste, var det litt spekulativt svaret. Men ordføraren oppfordra også til å spørja seg fram til bønder som tenker på å slutta, og senda signal om at ein er interessert.

Guro Munkvold Rovik frå Varhaug ungdomsskule undrast på kva som vil skje men forsøgja no.

– Både dei som blir noko av, eller kanskje ikjem i eit partiprogram, og dei som ikkje blir gjennomført, har vore svært nyttige å få, sa ordførar Mons Skreddingland.



HISTORISK: Med alle orgførerne på veien, er Therese Skrettingland, Beritett Mæsy og Marte Sættemoen fra Nærbo de første representanter i børn og ungdomskommunestyre i Hå.

Foto: HÅDE GÅRD

Felles dag for aktive unge

Elevar i Hå har ikkje felles aktivitetsdagar i dag.
Det gjør BUK noko med.

POLITIKK: Elevane i det aller første barn og unges kommunestyre i Hå har ein aktivitetsdag om dagen var likevel annleis.

- Men er glad for at Hå kommunestyre i desember i fjor ønsket samverknoskule skal i år med Trøgheim gje ein felles aktivitetsdag til viken for alle ungdommar i Hå. Skolområdet er tatt for is-springat, så dette høver godt, sa Mons Skrettingland.

I salen satt mellom anna Mons Skrettingland og ein av dei andre ordførarar, men denne dagen, då dei 36 representantane i ungdomsskule, spørsla om skular, sykkelstolar, leikjer og saker som Pytakogen han skratta spent. Blide ordførar

og tidhuset var pynta som seg har og ber, men den begjælege dagen var likevel annleis.

- Har du fått nokre ekstra råd fra farar om korkise du skal få bidra for forsking din?

- Nei, og har blitt fyr i nok speialbetranding, smiler Skrettingland.

Vaken og barn i lag:

Alle skulane har foretak i innlegg om hva dei meiner er bra med å vere ung i Hå og kva som kan bli tilnærma. Representantane i ungdomsskule, representantane i ungdomsskule.

- Blir det mange politiske diskusjonar med farfar?

- Det er ikke alltid at dei gjev dei et lege dag. Det ber oss om å få utbalansing, men sjølv dei er spesielt godt på mobilben, seier Troy Ueland Håland.

Mons Skrettingland er ein av dei andre ordførarar, men denne dagen, då dei 36 representantane i ungdomsskule, spørsla om skular, sykkelstolar, leikjer og saker som Pytakogen han skratta spent. Blide ordførar

opnellingen av Nære skule. Nest var blant politikarane på tilhørsrådet ekte tilbakeledeane fra Modlandska. Det ønsker ikke at foreldrene bruker meir av fridila si på å være i lag med barna sine.

Mane barn og unge sit i dag heime og speia, og foreldra sit heime og ser på TV eller brukar datan. De ønsker oss følles utområde der barn og vaken kan gjere til seg, sa Aleksander Johnannessen fra Talsøyen. I pizza-parten av sak nr 004/14, her skulle alle skulane legge fram kva det ville bruke 30 000 kroner til.

- Eg vil ikkje sette denne ønska opp mot kvarandre, så ordnen skal bli i helte. Spesiell fischal er med i aktivitetene i lag med oss. Det gjev det en god dag. Det ber oss om å få utbalansing, men sjølv dei er spesielt godt på mobilben, seier Troy Ueland Håland.

Mons Skrettingland er ein av dei andre ordførarar, men denne dagen, då dei 36 representantane i ungdomsskule, spørsla om skular, sykkelstolar, leikjer og saker som Pytakogen han skratta spent. Blide ordførar

og mellomrinnet skulle starte. To forslag stod no att; ein fra Vigrestad storstadsråd om å tilrettelegge tilkostninga for alle, og eit forslag fra Bokskule om å innestreke treningsaparat i landet.

- Personane del på nærti far til alle, er svilme på den andre skulane også, kom det som republikk fra Milhalo Milatovic fra Vardås.

Ordførar Skrettingland innomma at han hadde sone dirigert på grunn som me har det i Hå kommunestyret, svart ordføraren til høvet frå tilhøyrarbeidaren. Forslaget om treningsaparatet fall, og flertrinseteknikken for ein idrettsdag blei avslutta i Hå.

- Ja, då har tre av akuttsamfunnet i Hå kommunestyret, som me har det i Hå kommunestyret, svart ordføraren til høvet frå tilhøyrarbeidaren. Forslaget om treningsaparatet fall, og flertrinseteknikken for ein idrettsdag blei avslutta i Hå.

Ordførar Skrettingland innomma at han hadde sone dirigert på grunn som me har det i Hå kommunestyret, svart ordføraren til høvet frå tilhøyrarbeidaren. Forslaget om treningsaparatet fall, og flertrinseteknikken for ein idrettsdag blei avslutta i Hå.

- Ja, då har tre av akuttsamfunnet i Hå kommunestyret, som me har det i Hå kommunestyret, svart ordføraren til høvet frå tilhøyrarbeidaren. Forslaget om treningsaparatet fall, og flertrinseteknikken for ein idrettsdag blei avslutta i Hå.

● BUK er starta for barn og ungdomskommunestyre i Hå.

● Sammystes opprettet av Hå kommunestyret etter forsling frå Hå AG, desember 2013.

● Første øde i BUK 6. november 2013 med 35 representantar frå alle skulene i kommunen.

● Øvrestranda Mons Skrettingland, verantuar Høiene Lavelv i Åsnes skule.

● 50 000 kr avan til millionen til høveleg utviklingsaktivitetar.

Hilde Garlid
hilde@pbl.no

Fakta

- BUK er starta for barn og ungdomskommunestyre i Hå.
- Sammystes opprettet av Hå kommunestyret etter forsling frå Hå AG, desember 2013.
- Første øde i BUK 6. november 2013 med 35 representantar frå alle skulene i kommunen.
- Øvrestranda Mons Skrettingland, verantuar Høiene Lavelv i Åsnes skule.
- 50 000 kr avan til millionen til høveleg utviklingsaktivitetar.

Protokoll frå

Barn og unges kommunestyre

Kommunestyresalen – Hå rådhus

6. november 2014

kl. 9.00 – 13.15.

Det fyrste Barn og Unge sitt kommunestyre i Hå vart leia av Ordførar Mons Skrettingland.

Etter namneopprop vart møtet satt.

Ordføraren orienterte om saksgangen i møtet og gav praktiske opplysningar.

Rådmann Anne Berit Berge Ims presenterte kommunalsjefane:

Vigdis Monsen,

Kommunalsjef for helse og sosial.

Harald Berglie, økonomisjef.

Rolf Einar Ree,

kommunalsjef for teknisk og næring.

Marianne Helvik, fungerande kommunalsjef for opplæring og kultur.

Markus Bjørnseth, personalsjef.

Rådmannen forklarte forskjellen på ordførar og rådmann.

Rådmann er den øvste sjefen for dei 2000 som jobbar i Hå kommune. Alle som jobbar i kommunen, har søkt på den jobben og har vorte tilsett. Rådmannen har hovudansvaret for organisasjonen Hå kommune.

Rådmannen foreslår for kommunestyret kva dei kan bestemme. Dei vedtar korleis pengar skal brukast, kva som skal byggast osb. Politikarane der er valt for fire år i slengen.

Når det er val, kan dei skiftast ut. Ordføraren er den fremste av politikarane.



Bandet frå kulturskulen, Ole Kristian Aarsland, Thomas Ikdahl, Anders Lobekk og Ingolf Høynes, fekk tilnamnet «Jærens beste» av ordføraren, og spelte *Ghost* av Slash og *Månenmannen* av Vamp.

Helsing frå Stein Aarsland – (Krf) Han er yngste kommunestyrerrepresentant denne fireårsperioden. Han la m.a. vekt på:

- Demokratiopplæring frå skulen
- Engasjement for alle
- Engasjement mot fråfall i vidaregåande – praktisk retting
- Politikk er slik at nokre saker vinn du, nokre taper du. Men ein får uansett sagt frå kva ein meiner.
- Håpar å sjå BUK-representantane med i kommunestyret om nokre år.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Deltakarar:

Skule	Namn
Varhaug ungdomsskule	Guro Rovik
	Live Skrettingland
	Ane Irene Lillesand
Varhaug skule	Ingeborg Stueland
	Jim Varhaug
	Mihailo Mijatovic
Nærø ungdomsskule	Marthe Skrettingland
	Bergitte Vedøy
	Thomas Skrudland
Vigrestad storskule	Henning Haugstad
	Marie Rugland
	Mathias Teilgård Særheim
	Andrea Reime Tjøtta
	Benedicte Høien
	Elias Aarsland
Ogna skule	Endre Helleren
	Andre Sirevåg
	Mathea Høyland
	Helene Lavås
	Amalie Stokkeland
	Irene Haver
Motland skule	Jesper Vigre
	Aleksander Johannessen
	Troy Ueland Håland
Høyland skule	Inger Færnholt
	Lotte Søyland
	Sigrid Nærland
Vigre skule	Amalie Eline Lode
	Dennis Hanssen
	Sven Egeland
Bø skule	Rikke Skrettingland
	Jon Obrestad Salte
	Eivind Fagereng
Tryggheim ungdomsskule	Eirik Åslund
	Oskar Serigstad Brådland
	Hadle Rasmus Bjuland



Desse kommunestyrepolitikarane møtte:
 Svein Høyland, Senterpartiet
 Stein Aarsland, Kristelig folkeparti
 Sveinung Lode, Senterpartiet
 Trond Knutsen, Nærølista
 Sefany Mesfin, Nærølista
 Grete Hove Vikedal, Nærølista
 Mindor Jelsa, Høgre
 Eirik Sandanger, Høgre
 Oddvar Hølland, Arbeiderpartiet

Hå kommune

Saksnummer Utval Vedtaksdato

001/14 Barn og unges kommunestyre

06.11.2014

Saksbehandlar: Marianne Espedal Boge

Sak - journalpost: 14/1857 - 14/29228

Val av varaordførar

Bakgrunn for saka:

Det blir valt ein representant som skal fungera som varaordførar. Han eller ho hjelper ordføraren med å styra kven som skal ha ordet.

Det vart bedd om gruppemøte.

Forslag: Helena Lauvås, Ogna skule, foreslått av Eirik Åsland, Tryggheim skule

Vedtak: Helena Lauvås, Ogna skule, samrøystes valt.



Hå kommune

Saksnummer Utval Vedtaksdato

002/14 Barn og unges kommunestyre

06.11.2014

Saksbehandlar: Marianne Espedal Boge

Sak - journalpost: 14/1857 - 14/29230

Innspel frå elevråda

Bakgrunn for saka:

Elevråda har fått følgjande spørsmål frå kommunen:

Kva saker meiner de er viktige for barn og unge i Hå?

Korleis kan du påverka det som blir bestemt i kommunen?

Kva er bra, kva kan bli betre og korleis kan det bli betre?

Desse innspela har kome inn:

1 Varhaug skule:

Kva saker meiner de er viktige for barn og unge i Hå? v/Jim Varhaug

Varhaug skule (sitt elevråd) meiner;

At alle har det godt

At unge er i aktivitet

At unge for lov til å vera med å bestemme

At alle har nokon å vera med

At ingen gruar seg til å gå på skulen

At alle får lov til å gå på skule

At alle kan få vera med på dei

fritidsaktivitetane dei har lyst til

(at alle får gode helsetilbod gratis)

Meir fokus på brann og brannøvingar)

Korleis kan du påverka det som blir bestemt i kommunen? v/ Ingeborg Stueland

Varhaug skule (sitt elevråd) meiner:

Vera bestemt og ha klare meininger

Lovlige demonstrasjonar for å få det vi

ynskjer. Til døme: symjehall, fotballbanar, utbygging av skulen

Dugnadsarbeid og innsamlingar for å vise at me vil bidra i samfunnet

Engasjera oss og fylgje med på det som skjer i kommunen

Kva er bra, kva kan bli betre og korleis kan det bli betre? v/Ingeborg Stueland

Varhaug skule (sitt elevråd) meiner:

Det er bra at mange er opne og tolerante mot kvarandre

Det er og ein del baksnakking, dette må me få slutt på, sei i frå på ein bestemt måte at det ikkje er greitt. Sei det direkte til den du har noko i mot

Bra at skular blir utbygd og får kantine. (på Varhaug kunne kantina vore større. Byggje ut, går det? eller ta noko av biblioteket?)

Bra me kan drive med fritidsaktivitetar, godt idrettshus. Nokre utstyr kan bli betre og fornyas. Meir dugnad er kanskje ei løysing

Kunne ha bygd meir på baksida av hallen, på grusbanen.

2 Høyland skule:

Kva saker meiner de er viktige for barn og unge i Hå? v/Inger Fernholz

Det er viktig at barn/unge har aktivitetar / tilbod på ettermiddag og kveldstid. For eksempel: symjehall, idrettshall, bibliotek, 4H, kulturskule osv. Kan påverke ved å sitje i styre i lag og foreiningar, snakke med vaksne, skrive lesarinnlegg i avis osv.

Kva er bra, kva kan bli betre og korleis kan det bli betre?

Det er viktig å behalde skulen på Høyland. Mobbefritt miljø.

At barn og unge blir høyrt.

Leikeplassar.

1 symjehall til, slik at vi kan få meir symjeopplæring.

Lys på skulevegen.

3 Vigre skule:

Kva saker meiner de er viktige for barn og unge i Hå? v/ Sven Egeland

For oss er det viktig med fotballbaner, grasbaner, leikeplasser i lokalmiljøa. Dette er samlingspunkt, og det er viktig med fysisk aktivitet i skuletida og på fritida

Me kan tenke oss meir pengar til skulane, m.a. til nye bøker og utstyr. Det er mange gamle bøker som er fillete, og skulen har ofte ikkje råd til å kjøpe nye utgåver. Det kan og vere lite utstyr til spesialfag.

Me kunne tenkt oss kantine ved vår skule, kanskje berre eit rom der alle tok med seg mat, eller der det var servering eit par dagar i veka.

For oss er det viktig å kunne behalda skulen i vårt lokalmiljø både i skuletida og etter skuletid, og vi vil be ordførar, politikarar og rådmann tenkje seg om ennå ein gong før dei legg ned Vigre skule.

Korleis kan me påverka:

Vi kan engasjera oss i saker, sende brev til kommunestyre, møte opp på kommunestyremøte (som elevar og foreldre ved Vigre skule har gjort) skrive i avis, ta saker opp med ordførar og rådmann 3.

Kva er bra, kva kan bli betre og korleis kan det bli betre:

Vi tykkjer det er mykje bra i Hå kommune og på Nærø og Vigre der me bur. Vi tykkjer det er bra med nye Loen og aktivitetar der, frå fotball, handball, ishockey, til 24 hours og andre enkeltiltak.

Vi kunne tenkt oss ennå fleire aktivitetar i friminutta. ved vår skule kunne vi tenkt Tarzanløype / hinderløype.

4 Bø skule:

Kva saker meiner de er viktige for barn og unge i Hå? v/ Jon Obrestad Salte

Friheit og demokrati!

Viktig at vi har noko å gjere i friminutta, at det fins tilbod. Ok om du ikkje vil gjere noko.

Viktig at vi har noko å gjere i fritida, at det fins tilbod.

Kva er bra, kva kan bli betre og korleis kan det bli betre: v/Eivind Fagereng

Dersom barn lever i ein litt fattig familie, er det viktig at det finns ordningar så dei og kan vere med på fotball/ sportsaktivitetar, korps, speidar og liknande.

Gratis skuleveg for alle som treng det, nokon har ganske lang og farleg veg, likevel må dei betale for bussen.

Trygg skuleveg for alle. Overgang med gangfelt må på plass ved Krossmyra på Nærø. Det bør vere gatelys på skulevegen (t.d. Gudmestadvegen, Bregnevegen, ved sjukeheimen). Om vinteren må gang og sykkelstiar haldast opne, i fjor måtte elevar på Bø gå i bilvegen i Gudmestadvegen då sykkelstien var full av snø.

Fleire leikeplassar med spanande aktivitetar.

v/ Rikke Skrettingland

Hinderløype .

Treningsløype med apparat (slik som i Kleppeloen).

Forslag: at klassar får betalt for å rydde/plukke søppel i eit område som t.d. Jernbaneskogen, Pyttaskogen eller Dalabekk. (Ei slags adopsjonsordning.)

Pengane kan så disponeras av elevrådet på den aktuelle skulen.

Fleire ballbingar.

5 Motland skule:

Kva saker meiner de er viktige for barn og unge i Hå? v/Jesper Vigre

At vaksne og barn bruker meir tid saman. At barn og vaksne har eit felles uteområde de kan være saman på. Mange barn og unge i kommunen sitter i dag heime og spelar, og foreldra sitter inne og ser på TV eller bruker data. Vi håper at disse også ville kunne være ute i frisk luft saman på eit felles friområde i fritida.

Korleis kan du påverka det som blir bestemt i kommunen? v/Aleksander Johannessen

Fortelja til vaksne kva vi som barn meiner er viktig, urett og andre ting vi meiner dei vaksne skal veta om. Då kan dei vaksne påverke andre vaksne som bestemmer i kommunen. Vera med i elevråd og vera med i barnas kommunestyre.

Kva er bra, kva kan bli betre og korleis kan det bli betre? v/Troy Håland

Det er i dag mange aktivitetar for de som er i idrettslag eller andre organiserte aktivitetar, det er bra. Det er for lite aktivitetar for de som ikkje vil være med i idretten. Barn/unge og vaksne er for lite saman i fritida.

6 Ogna skule: v/Amalie Stokkeland

Kva saker meiner de er viktige for barn og unge i Hå?

Gode skuler med fine, oppdaterte bøker og anna utstyr

Gode fritidstilbod, både religiøse og ikkje
Ei tilgjengelig helsesøster på skulene

Godt internett

Trygt og godt og bevege seg ute, sykkelstiar,
gangfelt, fortau...

Korleis kan du påverka det som blir bestemt i kommunen?

Skrive lesarinnlegg

Snakka med politikarar

Elevråda kan komme med innspel

Få aviser til å skrive om ei sak

Møte opp på kommunestyre...



Kva er bra, kva kan bli betre og korleis kan det bli betre?

Bra:

Ny skule på Ogna
Det er mange flotte turveier
Mange idrettslag og foreiningar
Kulturskolen
At idrettslag samarbeider for å få til lag

Kan bli betre:

Fleire badebasseng
Fleire sykkelstiar
Oftare helsesøster tilgjengelig på skulen
Busstilbod

Korleis:

Politikarane må velje å bruke pengar
Planer må lages

7 Vigrestad storskule:

v/ Andrea Reime Tjøtta

Viktige saker for barn/unge i Hå:

Fritidsaktivitetar. Stor foreldreinnsats
Ikkje mobbing.
Trivsel på skulen – viktige forutsetningar
trygg skuleveg, ikkje mobbing
Foreldreinnsats / natteravnar er bra
Ynskjer meir pengar til ungdommar – eit
supplement til idrett og religiøse tilbod.

8 Tryggheim ungdomsskule:

Ingen innspel.

9 Nærø ungdomsskule:

v/Thomas Skrudland

Det er viktig for ungdommane på Nærø å ha eit godt idrettslag sidan det er eit fleirtal som held på med idrett. For dei som ikkje er så aktive i idrettsmiljøet er Loen ungdomsklubb eit godt alternativ. I tillegg tykkjer dei det er viktig å trivs på skulen. Gode og engasjerte lærarar, turar o.l. er noko som hjelpt for trivselen.

Det er få unge på Nærø som tenkjer at dei kan påverke det som blir bestemt i

kommunen. Kanskje kan politikarar vitje skulane og fortelje om saker som dette? Ungdommane tykkjer dei har det godt på Nærø. Dei gler seg til ny hall på nye Bø skule.



10 Varhaug ungdomsskule:

v/ Guro Munkvold Rovik

Vi på Varhaug tykkjer at dei viktigaste sakene for barn og unge i Hå er:
Trygge skulevegar
Meir fokus på å hindre mobbing
Ingen lekser
At alle barn og unge har ein trygg heim
Badebasseng

v/ Live Skrettingland: Vi tykkjer at vi kan påverke det som vert bestemt i kommunen ved å:
Bruke elevrådet smart
Ei Facebook-side som alle i Hå har tilgang til, der dei kan kome med forslag og tilbakemeldingar på viktige saker.



v/ Guro Rovik Dette tykkjer vi er bra i Hå kommune:
Lensmannsløa ungdomsklubb
At me tek vare på naturen , og ikkje lagar ein by.

v/ Live Skrettingland: Dette tykkjer vi kan bli betre i Hå kommune:
Gratis tilbod om taxi på ungdomsskulen, for dei med farleg skuleveg
Pussa opp idrettsanlegget sine garderobar på Varhaug.
Betre kulturtilbod, kortare køar i kulturskulen.
Fleire trenrarar inne turn og trampett
Pussa opp Varhaug Ungdomsskule
Fleire turar med skulane
Ordføraren gjorde ei oppsummering av innspela, og takka for tilbakemeldingane.

Rådmannen fekk ordet for kommentar, og takka for tilbakemeldingane.
Mange gode tilbakemeldingar og kommentarar frå representantane. De har engasjert dykk og gjort godt arbeid.
Facebook og twitter. Vi logga oss på i september. Innspelet om kommentarside er godt. I går vart budsjettet lagt ut på sosiale mediar. Vi vil gjerne ha dialog med BUK om korleis kan vi bli betre.
Arbeidet med eit servicetorg er sett i gang. Det skal opne for større dialog med innbyggjarane.

Desse politikarane tok ordet: etterpå Oddvar Hølland, Arbeiderpartiet. Eirik Sandanger, Høgre. Trond Knutsen, Nærbo lista. Svein Høyland, Senterpartiet. Stein Årsland. Kristeleg folkeparti.

Vedtak: Saka er tatt til orientering.
Samrøystes vedtak.

Hå kommune

Saksnummer Utval Vedtaksdato

003/14 Barn og unges kommunestyre
06.11.2014

Saksbehandlar: Marianne Espedal Boge
Sak - journalpost: 14/1857 - 14/29290

Spørsmål

Følgjande spørsmål har kome inn:

Varhaug skule:

Spørsmål til ordføraren, rådmannen eller politikarane:

Ingeborg Stueland: Varhaug skule begynner å bli liten. Dei neste åra starter det ca. 80 elever kvart år. Når starter planlegginga om utvidinga av skulen?

Ordføraren svara: Rådmannen skal passe på at det er god nok plass på skulane.

Rådmannen svara: Rådmannen skal førebu saker, som politikarane bestemmer. Det gjeld kvar vi skal me ha skulane, og spørsmål om utviding.

Forslag til budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 vart lagt fram i går. I den planen står at vi skal bygge skule på Bø og Ogna. Det kostar nesten 600 millionar kroner. Vi skal kunne betale låna våre til dei skulane, i tillegg til barnehagar. Derfor har me ikkje klart å finne pengar til Varhaug skule dei neste fire åra.

Politikarane får bestemme om dei vil ha det slik.

Jim Varhaug: Mange ynskjer eit symjebasseng på Varhaug. Når starter bygginga?

Ordføraren svara: Det veit vi ikkje. Foreløpig har ikkje den saka hatt fleirtal i kommunestyret. Det må jobbast meir med saka før ho kjem opp att.

Bø skule:

Jon Obrestad Salte: Korfor går det alltid så lang tid før ting skjer? T.d. bygging av nye Bø, som det blei snakka om i 1990. Få gang på ting (mens vi er barn!)

Ordføraren svara: Skulen har vorte flytta, planane har blitt større. Arkeologiske utgravingar har og tatt tid.

Trond Knutsen svara: Nye Bø skule var planlagt bygd på skulen sin grusbane. Tenk på sjauen det hadde vorte på skulen i anleggsperioden. Det hadde ikkje vore uteområde igjen. Med den nye løysinga må færre elevar må kryssa farleg veg. Vegen skal og trafikksikrast.

Eivind Fagereng: Tenker de politikarar på barna og ikkje øydeleggje område vi bruker, når de planlegg nye vegar og liknande? Ny veg rundt Nærbø er planlagt over Pyttaskogen som skulen brukar. Vi er redd det vil øydeleggje skogen med bropillalar, bråk og liknande. (Vi er klare over at denne saka er komplisert og at om vegen leggast annleis, så vil det gå utover nokon andre, og det er også dumt. Men det er viktig for oss å si at vi er glade i skogen vår, og den blir mykje brukt av oss, andre skular og barnehagar.)

Ordføraren svara: Politikarane tenker i høgaste grad på barn. Dei må setje Pyttaskogen i stand etter vegen har kome. Det må gjerast vanskelege val, og vega fordeler og ulemper mot kvarandre.

Ogna skule:

Helene Lauvås spurte politikarane:

Er det planer om å byggja fleire badebasseng i kommunen?

Ordføraren svara: Nei, ikkje enno.

Er det planar om å fortsette på sykkelstien fra Sirevåg til Vatnamot (44)?

Ordføraren svara: Nei.

Er det planer om å lage sykkelsti nord for jernbanen på Brusand, dvs. opp mot Fuglestad og vidare.

Ordføraren svara: Nei ikkje så langt. Det blir arbeidd med ny veg til Stokkalandsmarka, opp til Stokkelandsvegen. Der vil det bli sykkelsti frå fv 44, som vil fange opp frå Fuglestad.

Vigrestad storskule:

Andrea Reime Tjøtta

Ogna elever skal gå på Vigrestad storskule frå hausten 2015, korleis vil det påverke oss på Vigrestad? Og korleis skal me få på plass til mange fleire elevar når skulen allereie begynner å fylles?



Rådmannen: Vi har vedtak på Ogna skule til 300 elevar. Bygginga tar to år. Rådmannen foreslår at 1. – 5 klasse går på Ogna og at 6. – 10. må flytte til Vigrestad eller Varhaug. Kommunen må hente anbod, slik at firma kan foreslå kor mykje dette kan koste, og korleis vil me gjere det. Vi arbeider med å finne ut kva som er rimelegast og mest praktisk. Ognaskulen blir begynt på i 2016.

Andrea Reime Tjøtta spurte: Det har vore snakka om Rema 1000 på Vigrestad lenge. Når blir arbeidet starta?



Rådmannen svara. Byggesaka er godkjent i kommunen. Kommunen har ikkje kontroll på når dei vil bygge.

Andrea Reime Tjøtta spurte: På Vigrestad skule har me både tysk og spansk frå 5. - 10.trinn, dette er me veldig nøgde med. Men kvifor har ingen andre i kommunen det?

Ordføraren svara: Kan ikkje svare på det. Spørsmålet er ikkje levert på førehand og vi veit ikkje kvifor, når vi ikkje har hatt tid til å undersøke det.

Bergitte Vedøy, Nærbø ungdomsskule:
Kan de vitje skulane og fortelja korleis ungdommen kan vere med å påverke saker som vert bestemt i kommunestyret?

Ordføraren svara: Ja, det er klart.
Skuleelevane kan òg ta kontakt med politikarane. Inviter dei gjerne på kveldstid, etter arbeidstid, ha ein debatt om ting som opptek dykk. Mange er sjølvsagt interesserte i attval.

På barneskulen blei det sagt av politikarar at viss folk stemte på Høyre, ville skulane bli leksefrie. Kvifor har det ikkje blitt sånn?

Ordføraren svara: Eg kjenner ikkje til dette.
Har politikarar lov til å stemme på seg sjølv?

Ordføraren svara: Ja, det er lov til å stemma på seg sjølv. Alle gjer nok det ved valet.

Korleis har de tenkt å vinne ungdommen si stemme neste val?

Ordføraren svara: Alle partia kan gjera mykje. Leggja breisida til, alle er interesserte i å profilera seg opp mot ungdommane. Alle har tenkt å vinna ungdommane si stemme, og ha eit godt program. Stemmerett for 16-åringane var samrøystes i kommunestyret.

Guro Rovik, Varhaug ungdomsskule:
Me lurer på om de kjem til å ta opp att sakene frå dagen i dag, og gjera noko med det? Kva tid kjem sykkelstien ved Buevegen?

Ordføraren svarar: Eg kan ikkje lova det, men er overtydd om at dette er nyttig for oss politikarar, og me kjem til å bruka det. Sykkelstien kjem nok i løpet av våren 2015. Alle avtalane er godkjende.

Eirik Åslund, Tryggheim ungdomsskule:
Mange unge har lyst til å verta bonde og alle kan ikkje finna ei odelsjente. Kva kan ein gjera med det?

Ordføraren svarar: Det enklaste er nok å finna seg ei odelsjente, for det er ikkje lett å finna gardar til sals. Det handlar kanskje litt om å vera på hogget, spørja rundt og så kjem det moglegvis endringar kring odelslova. Bare fortsett med jakta på kjærleiken eller jakta på gard. At ungdom ynskjer å verta bonde, er som musikk i øyrene, med tanke på kva type kommune me er stolte av å vera.

Hadle Rasmus Bjuland, Tryggheim ungdomsskule:
Me har rundt 200 elevar ved skulen. Kvifor må me betala 15 % sjølv?

Ordføraren svarar: Tryggheim får 150 000 kroner i tilskot, noko som er «goodwill» frå politikarane. Årsaka til at de må betala 15 % sjølv, er at det er ein privatskule.

Amalie Lode, Vigre skule:

Kvifor må de leggja ned Vigre skule?

Ordføraren svarar: Ein byggjer ein ny skule på Bø, der det òg er plass til elvane frå Vigre skule. Avstandane til skulane rundt, er korte avstandar. Det handlar om utgifter, sparing og rasjonalisering. Vedtaket er at ein tek opp at om Vigre skule skal bestå, før Bø skule er ferdigstilt. Det er eit stort engasjement frå heile bygda, ein knipsar ikkje av Vigre skule.



- Ny og større gymsal, den me har er for liten
- Nye oppdaterte skulebøker
- Skuleturar
- Symjehall på Iden, 1. og 7. trinn får ikkje ha symjing
- Byggje ut skulen (større kantine, romma i Kunst og handverk og andre klasserom)
- Tumlingbane i gymsalen (når den vert utbygd)
- Stor klokke for å ha ute på veggen, på baksida av amfiet, mange høyrer ikkje at det ringjer inn etter friminuttet.



Hå kommune

Saksnummer Utval Vedtaksdato

004/14 Barn og unges kommunestyre

06.11.2014

Saksbehandlar: Marianne Espedal Boge

Sak - journalpost: 14/1857 - 14/29272

Fordeling av midlar

Følgjande forslag har kome inn:

1 Mihailo Mijatovic, Varhaug skule:

Me på Varhaug skule har fleire forslag, nokon av dei kostar mindre enn

30 000,- kroner, men er framleis viktige.

Me er mange elevar og treng fleire og betre uteaktivitetar, og har samla dette i lag:

- Opprusting av uteområdet; Sjakk Brett med store brikker for å ha ute (mange sjakkinteresserte), nye ballar og nye nett til fotballbanane (ballbingane). Nytt mål og nett til handballbane, samt at denne blir måla opp på nytt, fleire fotballspill i skulegarden

2 Inger Færnholt, Høyland skule:

Drikkefontene ute i Loen på Nærø. Det er mange barn som bruker Loen mykje, både folk frå Nærø og andre. Det er godt med kaldt vatn etter trening, og for å fylle opp vannflaskene i forkant.

3 Sven Egeland, Vigre skule:

Me har tre forslag:

- Hå kommune kan leige Kongeparken for ein dag (til våren) og invitera alle elevene til ein dag i parken. Foreldrekjøring

- Ein felles aktivitetsdag i Loen på Nærø

- Ein kan invitera ein "kjendis" til konsert t.d. i Loen og ha eit kjekt arrangement for alle 5.-7. klassingane.

Me vil aller helst det fyrste forslaget, ein dag i Kongeparken. Det trur vi hadde vore veldig fint!

4 Rikke Skrettingland, Bø skule:

Me ønskjer oss treningsutstyr (slik det er i Sandtangen på Bryne) til parkområdet på Torget på Nærø. Dette er eit fint område som ligg sentralt. Her er nokre leker, men vi ønskjer og at det skulle vore oppgradert med fleire leikeapparat. Det trur me kunne glede mange, og gjort området meir attraktivt.

Replikk frå Mihailo Mijatovic, Varhaug skule: Det vil me i tilfelle ha på Varhaug og andre stader òg!

5 Aleksander Johannessen, Motland skule:

Dei 30 000 kronene kan gå til å oppgradera eksisterande uteområde ved Dalabekk på Nærø, eller friområdet ved Urheifeltet på Nærø, det som ikkje ligg så langt frå Vibereiret barnehage.

6 Mathea Høyland, Også skule, mellomtrinnet:

Ynskjer å kjøpa ein fotball og slåballsett til alle klassene i kommunen. I tillegg nokre hoppetau til småskulen og mellomtrinnet.

Grunngjeving:

Viktig med fysisk aktivitet i friminutta for alle
Får frisk luft, blir sterke og får betre kondis
Lettare å læra og følgje med i timane
Lærer å samarbeide, løyse konfliktar
Betre sosialt miljø når ein kan gjere ting saman.



Irene Haver, Også skule, ungdomstrinnet:

Ynskjer å bruke pengane på ein aktivitetsdag for alle ungdomsskuleelevarane i kommunen.

Ser for oss dette i Nye Loen på Nærø. Me ynskjer aktiviteter som fotball, handball, landhockey og eventuelt ishockey. Me vil laga lag på tvers av trinn og skular.

Grunngjeving:

Ein vert kjent med andre og det er noko annleis. Ikkje vanleg at ein samlast alle saman. Nærø hadde vore ein god stad å vera. Pengane må då verta nytta til utstyr som må leigast inn, premiar, buss for å koma seg til Nærø og dommarar.

7 Andrea Reime Tjøtta, Vigrestad skorskule:

Både mellomtrinnet og ungdomstrinnet vil foreslå å bruke pengane til eit felles idrettsarrangement for skulane i Hå. Eit arrangement for ungdomstrinnet, og eit for mellomtrinnet. Me ser føre oss at å arrangera dette kan vera eit samarbeid mellom dei ulike elevråda på skulane.

Dette fremjar samarbeid mellom skulane, og kan vere veldig lærerikt.

-Kvar skule har ein innleiande runde på sin skule. Kva idrettsaktivitet dei vil ha, er ikkje heilt avgjort (forslag t.d. om kanonball/innebandy)

-Sluttspelet kan for eksempel vera i Nye Loen.

-Pengane kan for eksempel gå til busstransport til Loen, ca. 20 000 kroner. Dette føregår i skuletida og det er ein fordel at Nye Loen har kiosk. Det kan vera ei inntekt, der elevar styrer kiosken.

Lærerikt og ein lærer å organisera saman med andre enn du gjer til vanleg. Dei som ikkje kjem vidare til sluttspel, kan vera heiagjeng.

8 Eirik Åsland, Tryggheim ungdomsskule:

Elevrådet ved Tryggheim ungdomsskule ynskjer at pengane fra «Barn og Unges kommunestyre» skal fordela, blir brukt til ein konsert eller ein aktivitetsdag. Kanskje begge deler. Alle i kommunen må få delta. Ikkje fotball eller handball, der berre dei beste kjem vidare, men meir teambuilding, kanonball eller liknande. Avslutta dagen med ein konsert. Pengane går då til transport, utstyr og eventuelt til konsert.

9 Marte Skrettingland, Nærø ungdomsskule:

Nye bøker, gjerne e-bøker. Me har gamle og øydelagde bøker. Sidan alle elevane har kvar sin skule-pc kan alle bøkene liggja på pc'en. Då har elevane meir orden. I tillegg kan dei notera og markera i bøkene som ligg på pc'en. Volleyballnett og handballbane i skulegarden i tillegg til fleire ballar. No har me ein ballbinge som blir brukt kvart friminutt, der det er mange aktive elevar. Det er ikkje plass til alle elevane i bingen, difor ynskjer me fleire moglegheiter.

10 Guro Rovik, Varhaug ungdomsskule:

30 000 kroner er lite pengar, kommunen kunne godt bevilga meir. Pengane kan brukast til å kjøpa inn utstyr som kan brukast til aktiviteter i midttimen på skulen. Til dømes bordtennisbord og fussballbord. Me kan òg bytta ut tre og plantar i skulegarden.

Ordførar Mons Skrettingland: Ved vanskelege avgjersler i kommunestyre har ein ofte gruppemøte. Føreslår 10 minutt gruppemøte saman med lærarane.

5.-7.trinn:

Eivind Fagereng, Bø skule: forslaget til Vigrestad storskule (7).

Mihailo Mijatovic, Varhaug skule: stemmer på Bø skule sitt forslag 4. Viktig at foreldre er med ungane sine. Det kjem fleire elevar på Varhaug skule, ein ynskjer å fordela dei ulike apparata på dei ulike skulane. Ta vekk forslaget om å setja apparata på Torget på Nærø, men fordel dei heller i bygdene.

Forslag 7 vart vedteke med 13 mot 8 stemmer!

Elevråda har ansvaret for å arrangera fellesarrangementet.

8.-10.trinn:

Eirik Åsland, Tryggheim ungdomsskule:

Forslag:

Aktivitetsdag i Nye Loen.

Samrøystes vedteke!

Tryggheim og Nærø ungdomsskule tek ansvar for dette.

Møteprotokollen.

Thomas Skrudland frå Nærø ungdomsskule og Rikke Skrettingland frå Bø skule skal signera møteprotokollen. **Samrøystes vedtak.**